

15. Juili 2014:
Eva Almhjell og Evalill
Sletto på befaring til
Vesleheimen,
Vollen i Asker.

Noverande eigar er
Trine Bendixen,
kultursjef i Asker
kommune (t.v. i rosa),
Evalill t.h.

Huset var raudt då
Karin og Olav budde
her. Det raude huset
bak og under er
uthus/låve.

I kjellaren (i midten
under) fekk vi sjå
dei opprinnelige
bærekonstruksjonane



Vesleheimen – idyllisk bustad for Olav og Karin Sletto frå 1912-ca. 1917, Vollen, Asker, slik eigedomen ser ut i dag.

Den store tomta var ei gave frå bror til Karin, Sandefjord-skipsreiar Fritz Bryde, då dei gifta seg i 1911. Her kjende Olav seg heime, her kom tre ungar til verda (Eva, Randi og Bjørn) og her prøvde Karin gjera så godt ho kunne som husmor medan mannen var på talereiser i heile landet. Ikkje alltid enkelt, det!





T.v. er huset slik det vart sett opp i 1912. Det er raudt og lite, ein skikkeleg Vesleheim for Sletto-familien. Huset er bygd kraftig på i seinare tid, og alstår måla kvitt. Dammen var i si tid ein isdam. Isen vart seld til Tyskland og Storbritannia. Asker er kjent for bringebærdyrking, og megder med bringebær vart dyrka for eksport. I brevvekslinga mellom Karin og Olav går det fram at det var ein gard i nærleiken, der vesle Ingrid, barnepika, henta mjølk og anna mat til ulike årstider. Syster til Olav, Jenny, skaffa kjøt til Olav og Karin, då ho vart bonde på Uren i Hol i

1913.



Frekke som vi var, som berre vandra rett inn på tunet til fremmandfolket i Vesleheimen, vart vi tatt svært godt i mot. Tusen takk for det! Bilete minne: Eva Almhjell, 16.7.2014